



## Referat frå kommunemøte 30. mai 2024

**Deltakarar:** Statsforvaltaren, kommunane inkl. brannsjefar, Bergen brannvesen, 110 Sør-Vest, Vestland fylkeskommune, Helse Fonna og Haraldsplass

**Ikkje til stades:** Askvoll kommune, Aurland kommune, Fedje kommune, Lærdal kommune, Modalen kommune, Stad kommune, Sveio kommune, Tysnes kommune og Vaksdal kommune

### Skogbrannfare

Langtidsprognosane for sommaren seier at vi truleg vil få mykje varmt vêr, og det vil kunne bli stor skogbrannfare. Vi har difor sett skogbrannfare på agendaen for å bidra til at vi i fellesskap er budd på ein potensielt krevjande periode.

Orientering om dagens situasjon, tilgiengelege verkemidlar og viktige moment ved handtering av skogbrannfare v/Tommy Kristoffersen, Bergen brannvesen

Kristoffersen orienterte om dagens skogbrannindeks, situasjonen knytt til den høge skogbrannfaren no i mai og om korleis tenkje beredskap og samarbeid på tvers ved handtering av skogbrann.

Viktigheita av å gjere gode førebuingar vart òg trekt fram. Skogbrann bind opp mykje ressursar og er krevjande. Det er difor viktig å ha felles planverk, og øvingar med jamne mellomrom.

Kristoffersen presiserte viktigheita av å gjere kontinuerlege vurderingar og sjå på kva som kan vere relevante tiltak til ei kvar tid. Er ein tidleg nok ute med store nok ressursar kan ein brann stoppast før den eskalerer og vert meir krevjande å handtere.

Skogbrannfare er noko som i dei fleste tilfelle gjeld for eit større område. Det er difor viktig å ha god dialog over kommunegrensene, for å samordne informasjonsbodskap og drøfte innhald i eventuelle lokale forskrifter. Det er likevel viktig å vere medviten om at det kan vere store lokale skilnadar.

Glen Bjarne Dirdal i 110 Sør-Vest supplere orienteringa. Han minna om DSB si rolle i å vurdere behov for plassering av skogbrannhelikopter gjennom skogbrannsesjonen, og leiarstøtteordninga (110 Sør-Vest deltek i den).

Presentasjonen til Kristoffersen er lagt ved referatet.

[DSB sitt kommunikasjonsmateriell knytt til skogbrann inkl. skogbrannguiden finn de her.](#)

### Overordna innleiing frå Statsforvaltaren

Den tryggleikspolitiske situasjonen

Sett frå ein vestleg ståstad ser krigen ut til å ha utvikla seg i ei endå meir negativ retning sidan sist orientering. Russland held fram med å bombe både sivile om militære mål.

I løpet av kort tid har glidebomber vorte eit av dei viktigaste våpena på russisk side. Dette er kraftige bomber frå Sovjet-tida, som russarane har store mengder av på lager. Dei har blitt forsynt med GPS og kan styrast mot konkrete mål, og fører til stor øydelegging. I følgje president Zelenskjy vart over 3000 slike bomber sleppt over ukrainsk område i mars månad åleine.

Denne utviklinga kan sjå ut til å påverke haldninga til vestlege leiarar omkring restriksjonar på bruken av våpen donert til Ukraina. Militære ekspertar seier at den einaste måten å stanse bombene er å skyte ned bombeflya inne i Russland, eller basen der dei held til. Mens det tidlegare har vore ein føresetnad at våpena ikkje skal brukast mot russisk territorium, har vi m.a. sett at Jens Stoltenberg



## Statsforvaltaren i Vestland

uttalar seg noko annleis. I eit intervju med «The Economist» i helga sa han at “Tida er inne for at allierte vurderer om dei skal oppheve nokre av restriksjonane dei har lagt på bruken av våpena dei har donert til Ukraina”.

Denne uttalen har vorte støtta av fleire. Samstundes er det nok fleire leiarar som er urolege for at Vesten kan kome nærare ein direkte krig med Russland, viss deira rakettar vert nytta direkte mot Russland. President Putin har uttalt at vestlege land tek sjansen på at konflikten i Ukraina kan utvikle seg til ein global krig.

### Oppdatering frå DSA

Dei målretta russiske angrepa på energisektoren i Ukraina over lengre tid, har ført til problem med straumforsyninga i landet. På sikt kan det i verste fall få konsekvensar for tryggleiken ved alle dei fire atomanlegga i landet, sidan dei treng straum til nødvendig drift og kjøling. Det er òg nødvendig med aktiv kjøling av lagera for bruk reaktorbrensel ved anlegga, og ved Tsjernobyl-anlegget.

DSA overvaker situasjonen og opprettheld kontakten med ukrainske atomstyresmakter og IAEA, og vurderer høve til meir støtte.

Det er framleis slik at viss det skulle skje eit utslepp av radioaktive stoff i Ukraina, gjer den geografiske avstanden at konsekvensane for Noreg vil vere avgrensa.

### Flyktningsituasjonen

Dei nasjonale aktørane som har roller knytt til mottak og busetnad av flyktningar seier flyten går jamt. I løpet av juni vil det kome nye prognosar for venta tal søknadar om kollektiv beskyttelse (asyl) og opphold.

UDI har sagt opp dei siste akuttinnkvarteringane (siste driftsdag i slutten av juni). Før sommaren vil dei lyse ut nye anskaffingar av ordinære mottak med oppstart til hausten. Målet er å gå over frå akutte løysingar til ordinære mottak.

### Nasjonalt digitalt tilbod om norskopplæring

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HKdir) har oppretta eit nasjonalt digitalt tilbod om norskopplæring. Det er ei oppfølging av ei tidlegare uro for at ikkje alle flyktningar skulle få høve til å få norskopplæring. Tilboden skal bidra til fleksibel norskopplæring, som kan kombinerast med arbeid eller anna aktivitet. Den kan kjøpast av den enkelte kommune via ei rammeavtale som direktoratet har inngått.

Vedlagt ligg ein presentasjon av ordninga frå HKdir, og [informasjonsside for ordninga finn de her](#).

## Fagsamling for kommunane

Statsforvaltaren i Vestland inviterer til fagsamling om samfunnstryggleik og beredskap 5. og 6. november i Bergen. Dette er, som dei siste åra, eit samarbeid mellom Helse-, sosial- og barnevernsavdelinga og beredskapsseksjonen i embetet.

Vi sendte torsdag (30. mai) ut invitasjon (inkl. førebels program) på e-post til kommunedirektørar/rådmenn, kommuneoverlegar og beredskapskontaktar for samlinga. Førebels program er òg lagt ved referatet.

[Meir informasjon om samlinga og påmeldingsskjema finn de her.](#)



## Statsforvaltaren i Vestland

Vi tek framleis imot innspel til gode døme knytt til arbeid med samfunnstryggleik og beredskap som de tenkjer kan vere av interesse for fleire å høyre om. Innspela kan sendast til [mari.severinsen@statsforvalteren.no](mailto:mari.severinsen@statsforvalteren.no).

### Oppdaterte råd om eigenberedskap

DSB har denne veka publisert dei oppdaterte eigenberedskapsråda. Den største endringa er å gå frå å tilrå eigenberedskap for tre dagar, til ei veke. I tillegg er det supplert med meir detaljerte råd om tema som kritisk medieforståing og opphaldsstadar i kriser. Det er òg lagt til to nye tema; felles eigenberedskap og psykisk helse i kriser.

DSB sendte tidlegare i veka brev til kommunane med informasjon om dei oppdaterte råda. Her oppmodar dei kommunane om å delta aktivt inn i eigenberedskapsveka (veke 44). DSB ber kommunane om særleg å ha merksemd på å nå ut med informasjon til dei delane av befolkninga som styresmaktene ikkje når så lett gjennom massekommunikasjon (t.d. sårbare grupper og framandspråklege).

[Informasjon om dei oppdaterte eigenberedskapsråda finn de på sikkerhverdag.no.](#)

### Orienteringssaker frå Statsforvaltaren

#### Sambandssjekk med satellittelefon i veke 26

Vi har sendt ut invitasjon til å gjennomføre sambandssjekk med satellittelefon i veke 26. Vi oppmodar alle kommunane som har satellittelefon til å nytte høvet til å teste ut oppkopplinga mot oss.

Viss tidspunktet for gjennomføringa ikkje høver, eller de har spørsmål, kan de kontakte Christer Furøy på e-post: [christer.thomassen.furoy@statsforvalteren.no](mailto:christer.thomassen.furoy@statsforvalteren.no) eller tlf. 930 89 570.

Informasjonsskriv om øving er lagt ved referatet.

#### Møte med Helse- og omsorgsministeren 10. juni

Vi minner om møtet med helse- og omsorgsministeren måndag 10. Juni kl. 14.30 til 15. 30. Tema vil vere:

- HelseCERT/KommuneCERT
- Klima og helse
- Busetnad og oppfølging av ukrainarar i Noreg.

Vi har sendt førebels informasjon om møtet til kommunedirektørar/rådmenn, beredskapskontaktar og kommuneoverlegar, og vil sende ut oppdatert informasjon så fort det føreligg.

#### GAP-analyse: Kartlegging av primærhelsetenesta i samband med sivil-militær helseberedskapsplanlegging

Vi minner om at fristen er torsdag 6. juni, for å svare på spørsmåla knytt til GAP-analyse for primærhelsetenesta (excel-arket).

Føremålet med analysen er å identifisere gapet mellom den faktiske situasjonen i dag, og den tilstanden som kommunehelsetenesta bør vere i for å kunne yte venta tenester i alvorleg tryggleikspolitisk krise og krig. Svara vil vere eit viktig faktagrunnlag for analysen.

Kommunane i føretaksområdet til Helse Bergen har fått invitasjon til eit møte 24. juni. Vi vil gjennomføre tilsvarande møte i dei to andre føretaksområda i september. Invitasjon vert sendt ut før sommaren.



## Statsforvaltaren i Vestland

*Neste planlagde kommunemøte er 20. juni kl. 13.30 - 15.00. Det er tidlegare sendt ut ein kalenderinvitasjon, og vi vil sende ut agenda før møtet.*